



Sak **06/17**

Arkivsak nr: **16/488**

Arkiv:

Sakshandsamar: **Ingunn Stette**

Sak nr	Utval	Møtedato
06/17	Formannskapet	01.02.2017
06/17	Kommunestyret	08.02.2017

KOMMUNAL PLANSTRATEGI 2016 - 2020 - SLUTTHANDSAMING

Formannskapet	01.02.2017	
Handsaming:		
I punkt "Del 2 - Styrking i demensomsorga - ønske om forprosjekt i perioden." - skal endrast til "Del 2 - Styrking i demensomsorga - det skal bli lagt fram forslag til vedtak i 2017"		
Votering		
Votering over endra tekst i Del 2 - styrking i demensomsorga:		
Votering: Samrøystes vedtatt		
Votering over rådmannen si innstilling:		
Votering: Samrøystes vedtatt		
Innstilling/vedtak:		
FORMANNSKAPET SI INNSTILLING		
Kommunestyret vedtek planstrategi for Skodje kommune 2016-2020. Prioriterte planoppgåver i 4 års-perioden er som følgjer:		
Oversikt over prioriterte kommunale planar i perioden 2016-2020:		
Plan	Vedteke/ status	Merknad
Arealdelen til kommuneplanen		Under arbeid, forventa ferdigstillt i perioden
Budsjett, økonomiplan og handlprogram Pågår (PBL)		Vedtak hausten 2016
Helse og velferd		

Ruspolitisk handlingsplan	2014	Oppstart 2017
Kultur		
Kommunedelplan for fysisk aktivitet	2016	Vedtak des. 2016. Årleg revidering av handlingsprogram
Teknisk		
Plan for vassforsyning	Under arbeid	Planlagt ferdigstillt 2017
Plan for avløp		Oppstart 2017
Plan for veg og trafikktrygging		Planlagt ferdigstillt 2017
Geodataplan		Ønske om rullering i perioden
ROS-analyse	Under arbeid	Planlagt vedtak i 2017
Områdeplan Skodje sentrum	Under arbeid	Vedtak tidlig 2017
Berdeskap og kommunikasjon		
Plan for kriseleiing	2008	Oppstart 2017
Plan for informasjonsberedskap	2008	Oppstart 2017
IKT		
Lokal digitaliseringsstrategi		Under arbeid

Oversikt over prioriterte **arbeid i oppgåveutval** i perioden 2016-2020:

Plan	Vedteke/ status	Merknad
Næring		
Eigerskapsmelding		Oppstart 2017
Helse - Folkehelse		
Korleis vere ei inkluderande kommune for våre nye landsmenn		Oppstart 2017
Steg 2: Styrking av demensomsorga		Leggast fram forslag til vedtak i 2017

Oversikt over prioriterte **arbeidsgjevarpolitiske planar** i perioden 2016-2020:

Plan	Vedteke/ status	Merknad
Arbeidsgjevarpolitiske planar		
Arbeidsgjevvarstrategi og verdigrunnlag	2015	Rullerast årleg
Lønspolitisk plan	2015	Rullerast årleg
Kompetanseplan	2016	Nyleg vedteken
Omstillingsprosedyre	2016	Nyleg vedteken
Estiske retningsliner		2017 i samarbeid med kommunar i nye Ålesund
Plan for likestilling		Ønska i 2017 i samarbeid med kommunar i nye Ålesund

Oversikt over prioriterte **interkommunale/regionale planar** i perioden 2016-2020:

Plan	Vedteke/ status	Merknad
Næring		
Strategisk næringsplan	2006	Ønska i perioden.
Areal		
Areal og transportplan		Ønska i perioden.
Havområde- og kystsoneplan		Ønske om forprosjekt i perioden.
Miljø		
Energi- og klimaplan 2009-2015 Del 1 Status og Del 2 Tiltak 2010 og handlingsplan – nye Ålesund kommune		Ønske om kartlegging og revisjon av handlingsplan i perioden.

Handsaming:

Rådmannen orienterte.

Desse tok ordet: Modolf Hareide (SP), Leif Glomset (H), Rolf Stavset (V), Gunnar Hauge (KRF)

Votering

Votering over formannskapet si innstilling:

Votering: Samrøystes vedtatt

Innstilling/vedtak:

Kommunestyret vedtek planstrategi for Skodje kommune 2016-2020. Prioriterte planoppgåver i 4 års-perioden er som følger:

Oversikt over prioriterte **kommunale planar** i perioden 2016-2020:

Plan	Vedteke/ status	Merknad
Arealdelen til kommuneplanen		Under arbeid, forventna ferdigstillt i perioden
Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram (PBL)	Pågår	Vedtaket hausten 2016
Helse og velferd		
Ruspolitisk handlingsplan	2014	Oppstart 2017
Kultur		
Kommunedelplan for fysisk aktivitet	2016	Vedtaket des. 2016. Årleg revidering av handlingsprogram
Teknisk		
Plan for vassforsyning	Under arbeid	Planlagt ferdigstillt 2017
Plan for avløp		Oppstart 2017
Plan for veg og trafikktrygging		Planlagt ferdigstillt 2017
Geodataplan		Ønske om rullering i perioden
ROS-analyse	Under arbeid	Planlagt vedtak i 2017
Områdeplan Skodje sentrum	Under arbeid	Vedtaket tidlig 2017
Beredskap og kommunikasjon		
Plan for kriseleing	2008	Oppstart 2017
Plan for informasjonsberedskap	2008	Oppstart 2017
IKT		
Lokal digitaliseringsstrategi		Under arbeid

Oversikt over prioriterte **arbeid i oppgåveutval** i perioden 2016-2020:

Plan	Vedteke/ status	Merknad
Næring		
Eigerskapsmelding		Oppstart 2017

Helse - Folkehelse

Korleis vere ei inkluderande kommune for våre nye landsmenn

Oppstart 2017

Steg 2: Styrking av demensomsorga

Ønske om forprosjekt i perioden.

Oversikt over prioriterte **arbeidsgjevarpolitiske planar** i perioden 2016-2020:

Plan	Vedteke/ status	Merknad
<i>Arbeidsgjevarpolitiske planar</i>		
Arbeidsgjevarstrategi og verdigrunnlag	2015	Rullerast årleg
Lønspolitisk plan	2015	Rullerast årleg
Kompetanseplan	2016	Nyleg vedteken
Omstillingsprosedyre	2016	Nyleg vedteken
Estiske retningsliner		2017 i samarbeid med kommunar i nye Ålesund
Plan for likestilling		Ønska i 2017 i samarbeid med kommunar i nye Ålesund

Oversikt over prioriterte **interkommunale/regionale planar** i perioden 2016-2020:

Plan	Vedteke/ status	Merknad
<i>Næring</i>		
Strategisk næringsplan	2006	Ønska i perioden.
<i>Areal</i>		
Areal og transportplan		Ønska i perioden.
Havområde- og kystsoneplan		Ønske om forprosjekt i perioden.
<i>Miljø</i>		
Energi- og klimaplan 2009-2015 Del 1 Status og Del 2 Tiltak og handlingsplan – nye Ålesund kommune	2010	Ønske om kartlegging og revisjon av handlingsplan i perioden.

Del 2 - Styrking i demensomsorga - det skal bli lagt fram forslag til vedtak i 2017.

VEDLEGG:

1. Kommunal planstrategi 2016-2020, datert 24.01.17.
2. Saksutgreiing og vedtak i K-sak 126/16, frå 23.11.16, om høyring.
3. Saksutgreiing og vedtak i K-sak 58/16, frå 24.05.16, om oppstart.
4. Uttale frå Kystverket Midt-Norge, datert 12.12.16.
5. Uttale frå NVE(Norges vassdrags- og energidirektorat), datert 16.12.16.
6. Uttale frå Fiskeridirektoratet Forvaltningsseksjonen Region Midt, datert 19.12.16.

7. Uttale frå ÅRIM(Ålesundsregionen Interkommunale Miljøselskap IKS), datert 29.12.16.
8. Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 03.01.17.
9. Uttale frå Statens vegvesen Region midt, datert 03.01.17.
10. Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 09.01.17.
11. Uttale frå Skodje Bondelag, datert 10.01.17.

KORT SAMANDRAG AV SAKSUTGREIINGA:

Planstrategi for Skodje kommune 2016 – 2020 gjev ei oversikt over kommunen sine planer og styringsdokument, og inneheld vurdering og prioritering av planarbeid i kommunestyreperioden.

Kommunal planstrategi er heimla i plan- og bygningslova. Føremålet med den kommunale planstrategien er å klargjere kva planoppgåver kommunen bør prioritere i fireårsperioden, og kva planar som bør starte opp eller videreførast for å leggje til rette for ei ønska utvikling. Kommunal planstrategi erstattar det obligatoriske kravet til rullering av kommuneplanen som låg i tidlegare plan- og bygningslov. Planstrategien er retningsgivande for kommunen si planlegging, og vil for Skodje kommune sin del bli teken opp til vurdering kvar haust i samband med budsjett- og rullering av handlingsprogram.

Utkast til planstrategi for Skodje kommune 2016 – 2020 vart handsama i kommunestyret 23.11.16. Kommunestyret vedtok å sende planstrategien ut til offentleg høyring jf. § 10-1, 2. ledd i plan- og bygningslova. Frist for uttale vart sett til 10.01.17.

SAKSUTGREIING:

Kravet om at kommunestyret skal vedta ein planstrategi eitt år etter konstituering, er heimla i plan- og bygningslova §10-1. Lova legg også føringar for handsaminga av planstrategien, og det er sett som krav at forslag til vedtak gjerast offentleg minst 30 dagar før kommunestyret si handsaming.

Høyring.

I samsvar med krava i plan og bygningslova, vart høyringsutkast til kommunal planstrategi oversendt lokale, -statlege og regionale høyringspartar samt nabokommunar for uttale. Planstrategiarbeidet er gjort kjend for innbyggjarar og interesserte partar i kommunen gjennom annonsering og på kommunen si heimeside. Alle husstandar i kommunen har fått informasjon om planstrategiarbeidet gjennom *Kommunenytt*.

Det er i samband med denne høyringa kome inn uttalar til planstrategiarbeidet. Uttalane er samanfatta her. For fullstendig oversikt over innhaldet i desse, visast det til vedlagde brev frå dei ulike partane. Rådmannen si vurdering av innspel og ev. endringsforslag er teke inn fortløpande.

Kystverket Midt-Norge har i sin uttale, datert 12.12.16. vist til si rolle som nasjonal etat for kystforvaltning og sjøverts samferdsel. Etaten er vidare eit forvaltningsorgan underlagt Samferdselsdepartementet og har fagleg ansvar for sikring og framkome i norske farvatn og hamner. Kystverket skal gjennom sitt arbeide ivareta nasjonale interesser og føringar innanfor sine ansvarsområde.

Kystverket opplever strategidokumentet som ein oversiktleg, vel formulert og forståeleg plan, der kommunen sine komande arbeids- og satsingsområde kjem fram på ein god måte. Kommunen sin påverknad til utvikling i kystsonen, både med omsyn til arealbruk og forvaltning, er samanhengande med dei strategiske vala og prioriteringane som skal fremjast. Det er for Kystverket viktig at framtidig arealdisponering tek høgde for at hovudlei og bilei vert prioritert som sjøverts ferdslsårar. Transport

og ferdsle på sjøen må ikkje hindrast.

Kystverket har ansvar for farleier på sjø og installasjonane knytt til desse. Lokale leier har i mange høve stor lokal bruksinteresse og bør takast omsyn til i ein komande planarbeid.

Kystverket viser til farledsforskrifta, og minner om at farleiene bør framstillast og tydeleggjerast på plankartet med linjesymbol.

Når det gjeld hamneetableringar og tilrettelegging for eksisterande hamner, bør kommunen ha ei strategisk tilnærming til desse spørsmåla, både med omsyn til industri-, næringshamner og småbåthamner. Kystverket peikar avslutningsvis på at det vil vere verdfullt for kommunen å foreta vurderingar omkring for framtidige industriområde med tilknytning til sjø. Det kan m.a. vere behov for fellesområde for containar nær sjøen. Containerdrift krev opne og tilgjengelege areal for omlasting, lossing og nærleik til kai med gode djupneforhold. Arealsspørsmåla bør ha eit langtverkande perspektiv frå kommunen si side og kan vere ein naturleg del av kommunen sitt arbeid med strategisk næringsplan eller gjennom prioriterte arealføremål i kommunen sin arealdel.

Rådmannen tek merknaden til orientering, og vil vurdere momenta som er teke inn i uttalen til Kystverket, m.a. i samband med det pågåande arbeidet med å rullere arealdelen til kommuneplanen og som del av arbeidet med strategisk næringsplanlegging.

NVE(Norges vassdrags- og energidirektorat) har i epost, datert 16.12.16, varsla at dei ikkje har merknader til saka.

Fiskeridirektoratet Forvaltningsseksjonen Region Midt har uttala seg til forslag til planstrategi i brev, datert 19.12.16. Fiskeridirektoratet er statlig sektormyndighet for forvaltning av fiskerinæringa i medhald av lov av 6. juni 2008 nr. 37 om forvaltning av viltlevande marine ressursar(havressurslova), og for forvaltning av akvakulturnæringa i medhald av lov av 17. juni 2005 nr. 79 om akvakultur (akvakulturlova).

Fiskeridirektoratet sine regionar skal ivareta desse interessene i det regionale og lokale planarbeidet. Dette blant anna for å sikre areal til hausting av naturressursar og matproduksjon i sjø innanfor berekraftige rammer, bidra til at fiskeri- og havbruksnæringa i regionen får gode og forutsigbare rammevilkår, og bidra til at omsynet til marint biologisk mangfald vert ivareteke. Fiskeridirektoratet understrekar i den anledning sjømatmeldinga si betydning, og regjeringa sitt klare ønskje om at Norge skal vere verdas leiande sjømatnasjon.

Fiskeridirektoratet ser positivt på at kommunen vil prioritere fleire viktige regionale/interkommunale planer i perioden, og vil generelt peike på viktigheita av å inkludere kystsonen og marin sektor i arbeidet med planstrategien, slik at ein her har klare rammebetingelsar for arealbruk, utvikling og næringsverksemd. Dette er særleg viktig for fiskeri- og havbruksnæringa.

Det vil vere avgjerande for den vidare utviklinga av desse næringane at dei omfattast av kommunen sine planar, m.a. gjennom en strategisk næringsplan eller ein interkommunal plan for næringsutvikling.

For Fiskeridirektoratet er det vidare viktig at arealforvaltninga er forutsigbar, berekraftig og balansert mellom bruk og vern.

Fiskeri- og havbruksnæringa har interesser i sjøareala til Skodje kommune. Disse næringane er

arealkrevjande og konkurrerer i aukande grad med andre interesser. Fiskeridirektoratet bed kommunen om å ha særskilt fokus på dette, og vurdere kva som er viktige utfordringar både i sjøområda og i strandsona. Ei god klargjering av kommunen sine strategiske val knytt til utvikling og arealbruk i kystsonen vil kunne

vere både avklarande og konfliktdempande. Likeså vil det kunne bidra til å få fram kva utfordringar kommunen menar den står overfor i møte med statlige, regionale og lokale forventningar.

Generelt er fiskeridirektoratet opptekne av at kommunen i en langsiktig arealstrategi ivaretek fiskeri- og havbruksnæringa sine interesser.

Kystsona er svært verdifull og attraktiv for rekreasjon og næringsverksemd, men er samstundes svært sårbar. Ein føresetnad for kystsona sin verdi er at den er rein, levande og mangfaldig. Grundig planlegging er ein føresetnad for at menneskeleg aktivitet i så liten grad som mogeleg skal påverke kystsonen og livet i sjøen negativt. Dette er særleg viktig ved planlegging av hytte- og bustadtomter på land i tilknytning til sjø, småbåthamner, hamneanlegg, industriområde og vass- og avløpsnett. Fiskeridirektoratet anbefaler at alle planlagde inngrep eller aktivitetar som kan påverke livet i sjøen, vert lokalisert der dei gjer minst skade på miljøet.

Etter Fiskeridirektoratet si vurdering bør alle kystkommunar ha en strategi for lokalisering og utbygging av småbåthamner. Fiskeridirektoratet ønskjer at småbåthamner plasserast der dei forårsakar minst negativ påverknad på miljøet, og det vert færre og større anlegg, framfor å belaste mange område.

Rådmannen tek merknaden til orientering. Kommuneplanen sin arealdel ivaretek også plan for sjøareal. Arealdelen i Skodje er under rullering, og det skal lagast ein langsiktige arealstrategi. Rådmannen viser til at det i forbindelse med arbeidet med strategisk næringsplan, som Sunnmøre regionråd skal utarbeide saman med kommunane, bør vurderast om det er behov for ytterligere planmessige avklaringar. Skodje kommune vil i planstrategiperioden også ta del i eit forprosjekt samen med nabokommunane, med siktemål for å framskaffe eit felles kunnskapsgrunnlag for ein regional havområde- og kystsoneplan.

ÅRIM(Ålesundsregionen Interkommunale Miljøelskap IKS) har i sin uttale, datert 29.12.16, vist til at dei arbeider for å få eit godt opplegg for renovasjon og slamtømming. Dette er viktig for alle i samfunnet, både når det gjeld miljø, branntryggleik og ikkje minst smittefare. På litt sikt ser ÅRIM at dette for renovasjon kanskje kan løysast med utstrakt bruk av returpunkt, og då særleg der det er vanskeleg for renovasjonsskjørety å trafikkere.

ÅRIM ønskjer at kommunen, gjennom framtidig planarbeid, set av plass til returpunkt der slike løysingar er ønskjeleg. Dette gjeld også renovasjonstekniske løysingar der berre tre eller fleire nye bustader skal regulerast inn i eksisterande busetnad, der eksisterande busetnad kan knytast til returpunkt.

ÅRIM minner vidare om at det er kommunen si plikt å syte for tømming av bubilar og fritidsfartøy. ÅRIM ser gjerne at dette vert løyst i kombinasjon med avvatning av slam og ekstra- og naudtømming av separate avlaupsanlegg. ÅRIM legg til grunn at renovasjonsteknisk planlegging vert teke inn i dei planane det er naturleg.

Rådmannen tek merknaden til orientering, og vil handsame desse tema(renovasjonsteknisk planlegging) i dei planane der det er naturleg.

Møre og Romsdal fylkeskommune viser i sin uttale, datert 03.01.17, til at forslag til planstrategi

bygg på ein felles mal som vart utarbeidd i samråd med Sunnmørskommunane samla, der kommunen sine eigne utfordringar vert belyst under «kva gjer vi med dette» i kvart kapittel.

Møre og Romsdal fylkeskommune viser til at Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-202 vart vedteken i fylkestinget 12. desember 2016, sak T-6/16, ei opplysning som må takast inn under kapittel 4.2.

Når det gjeld nye regionale planoppgåver i perioden, viser fylkeskommunen til eigen planstrategi der ny regional delplan for museum og regionale delplanar for samordna bustad,- areal- og transportplanlegging for ulike delar av fylket, er prioritert. I tillegg arbeider fylkeskommunen med ein ny FoI-strategi for offentleg sektor og strategi for å etablere fleire statlege arbeidsplassar i Møre og Romsdal. For kommunane er elles Fagplan for bibliotek relevant, der folkebiblioteka vil ha ein stor plass.

Fylkeskommunen viser til at planstrategien ser ut til å være eit resultat av ein god planprosess. Det vert likevel peika på at kommunen med fordel kunne gjort betre greie for arbeidet med medverknad.

Når det gjeld **fagområdet folkehelse**, viser fylkeskommunen til at Regional delplan for folkehelse bør nemnast som ein regional delplan. Det vert vidare vist til folkehelselova § 5, som krev at kommunane skal ha ei skriftleg oversikt over helsetilstanden hos innbyggjarane og dei positive og negative faktorane som kan verke inn på denne. Skodje kommune har i 2014 laga ei skriftleg oversikt over folkehelsa, og fyller dermed krava i lov og forskrift.

Fylkeskommunen viser til kap. 5.1.8, og peikar på at nokre av folkehelseutfordringane frå den årlege folkehelseprofilen frå Folkehelseinstituttet, og frå kommunen si eiga oversikt kunne vore drøfta.

Når det gjeld **barn og unge**, vert det vist til at Skodje kommune deltok i kommunekartlegging om barn og unge sine oppvekstvilkår i regi av Fylkesmannen og fylkeskommunen(hausten 2015). Denne kartlegginga kunne også ha vore omtalt i planstrategien, til dømes under kapittel 5.1.7.

I oversikta over prioriterte kommunale planar(kap. 7.2) bør det gå fram kva som er nye planar og kva som er planer som skal reviderast i perioden. Fylkeskommunen viser elles til at likestilling og inkludering er eit gjennomgåande perspektiv i Fylkesplanen for Møre og Romsdal 2017-2020, og er nøgd med at Skodje kommune skal utarbeide ein arbeidsgjevvarpolitisk plan på dette området i lag med kommunar i nye Ålesund.

Fylkeskommunen er avslutningsvis svært nøgd med at barnerepresentanten er nemnd, at oppgåva er lagt til folkehelsekoordinator og at denne skal ha ei aktive rolle i arbeidet med arealplanlegging.

Rådmannen tek merknaden til orientering, og har oppdatert planstrategidokumentet ved at Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-202 og Regional delplan for folkehelse er tatt inn under gjeldande regionale delplanar.

Statens vegvesen Region midt meiner i sin uttale, datert 03.01.17, at forslag til kommunal planstrategi 2016-2020 har høg kvalitet og viser eit gjennomarbeidd utkast med konkretiseringar knytt til operasjonalisering.

Ei nasjonal føring i høve NTP vert likevel etterlyst. Statens vegvesen viser til at «Nasjonal sykkelstrategi» og «Nasjonal gåstrategi» bør innarbeidast i planstrategien for å få ekstra merksemd rundt arbeidet med trafikktryggleik. Det er også nyleg utarbeidd ein regional sykkelstrategi av Statens vegvesen Region midt med tiltaksplan for 2016-2018, og som også bør vere ein del av kommunen sin planstrategi.

Rådmannen tek merknaden til orientering. Når det gjeld nasjonale føringar viser vi i planstrategien til nasjonalt forventningsbrev(side 5). Utover dette har vi ikkje teke inn nasjonale planar og strategiar i

planstrategien. Øvrige strategiar som er nemnt i uttalen til Statens vegvesen («Nasjonal sykkelstrategi», «Nasjonal gåstrategi», samt regional sykkelstrategi med tiltaksplan for 2016-2018) er teke inn i planstrategidokumentet i samsvar med tilrådinga.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i sin uttale, datert 09.01.17, peika på at Skodje kommune har utarbeidd eit oversiktleg og godt strukturert utkast til kommunal planstrategi for perioden 2016 — 2020, med tydeleg referanse til nasjonale og regionale rammer og føringar.

Når det gjeld omsynet til **natur- og miljøvern**, viser fylkesmannen til *Paris-avtalen* og arbeidet med å redusere klimagassutslepp både internasjonalt og nasjonalt. Fylkesmannen forventar at alle kommunane i

Møre og Romsdal medverkar til dette arbeidet. Planstrategien tyder på at Skodje kommune er seg bevisst desse utfordringane, og viser til at kommunen legg opp til å rullere handlingsdelen i klimaplanen i 2018.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal kjem til å ha eit auka fokus på kommunane sitt klimaarbeid, og viser her også til Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging som skal leggast til grunn for arealplanlegging og utbyggingsmønster.

Når det gjeld landbruk, viser fylkesmannen til at Skodje kommune er ein viktig landbrukskommune i Møre og Romsdal. Fylkesmannen rår kommunane om å utarbeide ei landbruksplan med kjerneområde landbruk som

vedlegg, eller alternativt at ein utarbeider ein næringsplan der landbruksplan/landbruksnæringa inngår. Fylkesmannen ser det som viktig at alle kommunane i Møre og Romsdal får på plass ein framtidretta plan som kan leggje strategiske føringar for landbruket i kommunen med fokus på auka matproduksjon.

Fylkesmannen viser m.a. til plan- og bygningslova som krev at **samfunnstryggleik** skal vere ein integrert del av kommunen si planlegging, og til forskrift om kommunal beredskapsplikt som krev heilskapleg og systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap.

Skodje kommune har ikkje utarbeidd ei heilskapleg ROS-analyse. Då fylkesmannen var på tilsyn med kommunal beredskapsplikt i Skodje kommune i januar 2015, kom det fram at arbeidet med heilskapleg ROS-analyse var sett i gang. Fylkesmannen rår kommunen til å ferdigstille si heilskaplege ROS-analyse.

Fylkesmannen viser elles til planoversikta, der det står at beredskapsplanen skal rullerast i 2017. Fylkesmannen minner om at beredskapsplanen skal vere oppdatert og reviderast minimum ein gong per år, jf.

sivilbeskyttelseslova § 15. Fylkesmannen rår kommunen til å skrive at beredskapsplanen skal reviderast årleg.

Når det gjeld omsynet til **barn og unge**, viser fylkesmannen til at omsynet til bar og unge sine interesser, skal inngå som eit viktig tema i samfunnsplanlegginga. Omsynet til barn og unge sine oppvekstvilkår er tydeleg løfta fram i kommunen sin planstrategi. Fylkesmannen viser til eiga kartlegging, og samlerapport for heile fylket (BarneByks), og oppmodar kommunen om å legge denne kartlegginga til grunn når tenestetilbodet til barn og unge skal utviklast.

Fylkesmannen oppmodar elles kommunen om ta med seg barn og unge-perspektivet inn i all utvikling av planar, som eit gjennomgåande perspektiv.

Når det gjeld temaet **folkehelse**, viser fylkesmannen til at Skodje kommune er godt på veg med folkehelsearbeidet. Kommunen har utarbeidd oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i 2014, og viser til at oversikta over helsetilstanden og påverknadsfaktorar skal ligge til grunn i arbeidet med kommuneplanar etter plan- og bygningslova. Skodje kommune har i sin samfunnsplan strategiar for

folkehelsearbeidet knytt til mål, og det er oppretta styringsgruppe for folkehelsearbeidet som utarbeider årleg handlingsprogram. Fylkesmannen vil be kommunen sikre at dette handlingsprogrammet vert knytt til den årlege handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel.

Innanfor fagområdet **helse, sosial og omsorg**, peikar fylkesmannen på at Skodje kommune har ein demografi som inneber færre arbeidstakarar for kvar pensjonist. Det gir utfordringar med auka behov for helse- og omsorgstenester og å sikre god rekruttering og stabil bemanning av helse- og sosialfagleg personell. Fylkesmannen peikar på at ein god kompetanseplan vil bidra til å heve kvaliteten på tenestene, og vere eit verkøy for rekruttering og stabilisering av personell i kommunale helse- og omsorgstenester.

Fylkesmannen peikar vidare på at kommunen har ein ruspolitisk handlingsplan 2014-2016, som skal gjennom ei hovudrullering i 2017. Eit viktig fokus her vil vere at rusomsorga skal vere ein del av det ordinære tenestetilbodet i helse og omsorg sektoren og ikkje ei særomsorg. Skal ein kome i mål med rusomsorga som ein del av helse og omsorgstenestene i kommunen er det viktig at kommunen ser desse fagområda i nær samanheng.

Universell utforming er eit sektorovergripande tema som vedkjem ei rekke samfunnsområde. Universell utforming er ein nasjonal strategi for å gjere samfunnet tilgjengelig for alle. Universell utforming er nedfelt i formålsparagrafen i plan- og bygningslova. I lova sin § 1-1 heiter det at prinsippet om universell utforming skal ligge til grunn for planlegging og krava til det enkelte byggetiltak. Dette betyr at likeverdige muligheiter til samfunnsdeltaking skal fremmast gjennom plan- og bygningslova med tilhøyrande retningslinjer og føresegner.

Når det gjeld **busetting og integrering av flyktingar** viser fylkesmannen til at Skodje, i samarbeid med Ørskog kommune, har arbeidd målretta med busetting av flyktingar. Kommunen har også for dei kommande åra planlagt ein vesentleg innsats innan området, og fylkesmannen føreset at dei ulike plandokumentata som er nemnt i strategiplanen også inkluderer utfordringane knytt til busetting av nye borgarar i planperioden 2016- 2020.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal konkluderer avslutningsvis med at Skodje kommune har lagt fram ein ryddig og oversiktleg planstrategi, i samsvar med dei krav som er sett i PBL§10-1, og med god forankring i nasjonale, regionale og lokale føringar.

Rådmannen tek merknaden til orientering. Arealdelen i Skodje er under rullering, og det skal lagast ein langsiktige arealstrategi. Rådmannen viser til at det i forbindelse arealplanarbeidet, sak utarbeidast særskilt ROS-analyse. Fylkesmannen viser til at samfunnstryggleik skal vere ein integrert del av kommunen si planlegging, og peikar særskilt på forskrift om kommunal beredskapsplikt som krev heilskapleg og systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap.

Fylkesmannen har i sin uttale rådd kommunen til å ferdigstille si heilskaplege ROS-analyse, og legg til grunn at kommunen sin beredskapsplan skal reviderast årleg.

Skodje Bondelag har uttala seg til saka i brev datert 10.01.17. Bondelaget har i sin uttale peika på at planstrategiprosessen ikkje er samordna godt nok, m.a. fordi strategien ikkje er lagt fram for kommunestyret for vedtak 5. oktober 2016.

Skodje Bondelag etterspør vidare vurderingar eller omtale av landbruket, jord- og skogbruk, som næring i kommunen, under kap. 5.1.2 - *Næringsliv og kompetanse*, og peikar på at det ville vere på sin plass å peike på samanhengen mellom primærproduksjon og tilhøyrande industri. Skog og skogsdrift er også i følge bondelaget forbigått i strategien, noko som samsvarer dårleg med kommuneplanen.

Skodje Bondelag viser vidare til at landbruket er avhengig av å ha produksjonsareal. Skodje Bondelag

finn ikkje at behovet denne næringa har vert tilgodesett i omtale og vurdering i denne strategien.

Når det gjeld kommunen sin strategiske næringsplan viser Bondelaget til at denne er utdatert, og er tydege på at Skodje kommune må få på plass ein eigen temaplan når det gjeld landbruket.

Kapittel 7.2 i planstrategien omhandlar prioriterte planar i perioden. Skodje Bondelag meiner at denne oversikta også må vise kvar det politiske ansvaret for det einskilde planarbeid ligg, og ei presisering av når planarbeidet skal vere ferdig.

Skodje Bondelag meiner at det er viktig med samanheng og kontinuitet, og viser avslutningsvis til at planstrategi for Skodje kommune 2012-2016 bør takast inn som eit viktig grunnlagsdokument.

Rådmannen tek merknaden til orientering. Kommuneplanen sin arealdel i Skodje er under rullering, og det skal lagast ein langsiktige arealstrategi. Sikring av viktige landbruskinteresser (på kort og lang sikt) gjennom arealavklaringar knytt til jord- og skogbruksinteresser, er sett på dagsorden i dette arealplanarbeidet. Rådmannen viser elles til at det i forbindelse med arbeidet med strategisk næringsplan som Sunnmøre regionråd skal utarbeide saman med kommunane, bør vurderast om det er behov for ytterligere planmessige avklaringar. Skodje Bondelag peikar avslutningsvis på at gjeldande planstrategi for perioden 2012-2016 bør takast inn som grunnlag for planstrategien, noko som rådmannen har innarbeidd som ein del av kunnskapsgrunnlaget.

Rådmannen si vurdering.

Kommunal planstrategi er heimla i plan- og bygningslova § 10-1, og skal utarbeidast og vedtakast eit år etter nytt kommunestyret er konstituert. Planstrategien har som hovudføremål å synleggjere kva planoppgåver kommunen skal prioritere gjennom valperioden. I dette inngår mellom anna ei evaluering av gjeldande planverk og styringsdokument.

Planstrategien i seg sjølv skal ikkje fastsette konkrete samfunns mål, men må sjølvsagt sjå tilbake på tidlegare prosessar og vedtak i kommunen. Planstrategien er ikkje rettsleg bindande, men legg grunnlaget for betre ressursutnytting og betre oversyn over styringssystemet. Ei hovudoppgåve for planstrategien er å ta stilling til om det er behov for å rullere kommuneplanen. For Skodje sin del, vart ny samfunnsdel for planperioden 2016-26 vedteken våren 2016, og planprogram for arealdelen vart fastsett i oktober 2016. Oppstarta kommuneplanarbeid er forventa ferdigstilt i perioden (jf. kap. 7.2).

Planstrategien skal vidare har eit tydeleg regionperspektiv m.a. ved å drøfte kva oppgåver kommunen kan planlegge saman med andre kommunar. Arbeidet med kommunal planstrategi for perioden 2016-2020, bygg på ein god regional prosess og eit mål om eit felles grunnlagsdokument for Sunnmørskommunane samla. For Skodje sin del er arbeidet med planstrategi, som følgje av m.a. kommunereform, også koordinert med kommunane i «Nye Ålesund».

Det er gjennom § 10-1 i plan og bygningslova sett krav om at forslag til vedtak om kommunal planstrategi skal gjerast offentleg minst 30 dagar før kommunestyret si handsaming. Slik høyring er gjennomført, og innspel frå høyringspartane går fram av oppsummeringa ovanfor og vedlagde brev frå partane.

Revidert utkast til planstrategi er endra etter høyring ved at :

- Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-202 og Regional delplan for folkehelse er teke inn under gjeldande regionale føringar i kap. 4.2.
- Strategiar som er nemnt i uttalen til Statens vegvesen («Nasjonal sykkelstrategi», «Nasjonal gåstrategi», samt regional sykkelstrategi med tiltaksplan for 2016-2018) er innarbeidd i planstrategidokumentet kap. 5.1.5.
- Kommunen sin beredskapsplan skal reviderast årleg (endring i kap. 6.4.1, jf.

sivilbeskyttelseslova § 15).

- Planstrategi for perioden 2012-2016 er innarbeidd som ein del av kunnskapsgrunnlaget i kap.9.

Konklusjon.

Rådmannen viser til revidert forslag til planstrategi for perioden 2016-2020 og saksutgreinga ovanfor, og rår til at forslag til planstrategi, datert 24.01.17, vert vedteken slik den ligg føre.

Skodje kommune si oversikt over prioriterte planoppgåver for perioden 2016- 2020, går i sin heilskap fram av kap. 7.2.

INNSTILLING:

RÅDMANNEN SI INNSTILLING

Kommunestyret vedtek planstrategi for Skodje kommune 2016-2020. Prioriterte planoppgåver i 4 års-perioden er som følger:

Oversikt over prioriterte **kommunale planar** i perioden 2016-2020:

Plan	Vedteke/ status	Merknad
Arealdelen til kommuneplanen		Under arbeid, forventa ferdigstillt i perioden
Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram (PBL)	Pågåar	Vedtak hausten 2016
Helse og velferd		
Ruspolitisk handlingsplan	2014	Oppstart 2017
Kultur		
Kommunedelplan for fysisk aktivitet	2016	Vedtak des. 2016. Årleg revidering av handlingsprogram
Teknisk		
Plan for vassforsyning	Under arbeid	Planlagt ferdigstillt 2017
Plan for avløp		Oppstart 2017
Plan for veg og trafikktrygging		Planlagt ferdigstillt 2017
Geodataplan		Ønske om rullering i perioden
ROS-analyse	Under arbeid	Planlagt vedtak i 2017
Områdeplan Skodje sentrum	Under arbeid	Vedtak tidlig 2017
Berdeskap og kommunikasjon		
Plan for kriseleing	2008	Oppstart 2017
Plan for informasjonsberedskap	2008	Oppstart 2017
IKT		
Lokal digitaliseringsstrategi		Under arbeid

Oversikt over prioriterte **arbeid i oppgåveutval** i perioden 2016-2020:

Plan	Vedteke/ status	Merknad
Næring		
Eigerskapsmelding		Oppstart 2017
Helse - Folkehelse		
Korleis vere ei inkluderande kommune for våre nye landsmenn		Oppstart 2017
Steg 2: Styrking av demensomsorga		Ønske om forprosjekt i perioden.

Oversikt over prioriterte **arbeidsgjevarepolitiske planar** i perioden 2016-2020:

Plan	Vedteke/ status	Merknad
<i>Arbeidsgjevarepolitiske planar</i>		
Arbeidsgjevarestrategi og verdigrunnlag	2015	Rullerast årleg
Lønspolitisk plan	2015	Rullerast årleg
Kompetanseplan	2016	Nyleg vedteken
Omstillingsprosedyre	2016	Nyleg vedteken
Estiske retningslinjer		2017 i samarbeid med kommunar i nye Ålesund
Plan for likestilling		Ønska i 2017 i samarbeid med kommunar i nye Ålesund

Oversikt over prioriterte **interkommunale/regionale planar** i perioden 2016-2020:

Plan	Vedteke/ status	Merknad
<i>Næring</i>		
Strategisk næringsplan	2006	Ønska i perioden.
<i>Areal</i>		
Areal og transportplan		Ønska i perioden.
Havområde- og kystsoneplan		Ønske om forprosjekt i perioden.
<i>Miljø</i>		
Energi- og klimaplan 2009-2015 Del 1 Status og Del 2 Tiltak 2010 og handlingsplan – nye Ålesund kommune		Ønske om kartlegging og revisjon av handlingsplan i perioden.

FORMANNSKAPET SI INNSTILLING

Kommunestyret vedtek planstrategi for Skodje kommune 2016-2020. Prioriterte planoppgåver i 4 års-perioden er som følger:

Oversikt over prioriterte **kommunale planar** i perioden 2016-2020:

Plan	Vedteke/ status	Merknad
Arealdelen til kommuneplanen		Under arbeid, forventa ferdigstillt i perioden
Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram (PBL)	Pågår	Vedtak hausten 2016
<i>Helse og velferd</i>		
Ruspolitisk handlingsplan	2014	Oppstart 2017
<i>Kultur</i>		
Kommunedelplan for fysisk aktivitet	2016	Vedtak des. 2016. Årleg revidering av handlingsprogram
<i>Teknisk</i>		
Plan for vassforsyning	Under arbeid	Planlagt ferdigstillt 2017
Plan for avløp		Oppstart 2017
Plan for veg og trafikktrygging		Planlagt ferdigstillt 2017
Geodataplan		Ønske om rullering i perioden
ROS-analyse	Under arbeid	Planlagt vedtak i 2017
Områdeplan Skodje sentrum	Under arbeid	Vedtak tidlig 2017
<i>Berdeskap og kommunikasjon</i>		
Plan for kriseleing	2008	Oppstart 2017
Plan for informasjonsberedskap	2008	Oppstart 2017
<i>IKT</i>		
Lokal digitaliseringsstrategi		Under arbeid

Oversikt over prioriterte **arbeid i oppgåveutval** i perioden 2016-2020:

Plan	Vedteke/ status	Merknad
<i>Næring</i>		
Eigerskapsmelding		Oppstart 2017
<i>Helse - Folkehelse</i>		
Korleis vere ei inkluderande kommune for våre nye landsmenn		Oppstart 2017
Steg 2: Styrking av demensomsorga		Ønske om forprosjekt i perioden.

Oversikt over prioriterte **arbeidsgjevarpolitiske planar** i perioden 2016-2020:

Plan	Vedteke/ status	Merknad
<i>Arbeidsgjevarpolitiske planar</i>		
Arbeidsgjevarestrategi og verdigrunnlag	2015	Rullerast årleg
Lønspolitisk plan	2015	Rullerast årleg
Kompetanseplan	2016	Nyleg vedteken
Omstillingsprosedyre	2016	Nyleg vedteken
Estiske retningslinjer		2017 i samarbeid med kommunar i nye Ålesund
Plan for likestilling		Ønska i 2017 i samarbeid med kommunar i nye Ålesund

Oversikt over prioriterte **interkommunale/regionale planar** i perioden 2016-2020:

Plan	Vedteke/ status	Merknad
<i>Næring</i>		
Strategisk næringsplan	2006	Ønska i perioden.
<i>Areal</i>		
Areal og transportplan		Ønska i perioden.
Havområde- og kystsonenplan		Ønske om forprosjekt i perioden.
<i>Miljø</i>		
Energi- og klimaplan 2009-2015 Del 1 Status og Del 2 Tiltak og handlingsplan – nye Ålesund kommune	2010	Ønske om kartlegging og revisjon av handlingsplan i perioden.

Del 2 - Styrking i demensomsorga - det skal bli lagt fram forslag til vedtak i 2017.